

debatt

Avisa Nordhordland, Kvernhusmyrane 29, Knarvik Senter, 5914 Isdalsstø – Tlf. 56 35 55 55 – fax: 56 35 55 56
e-post: avisa@nordhordland.no (mrk. lesarbreiv)
Debattinnlegg du ønskjer på trykk sender du til avisa@nordhordland.no. Alle innlegg må skrivast under med fullt namn. Lange innlegg kan bli korta, skriv maks 3000 teikn.



KS må ta til fornuft

Utdanningsforbundet i Meland som organiserer det store fleirtal av lærarar, barnehagelærarar, skuleleiarar m. fleire i Meland kommune, har på sitt årsmøte drøfta KS sitt framlegg til ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonalet. Dette framlegget medførte tidlegare i år brot i forhandlingane om ny arbeidstidsavtale som da hadde vart eit par månaders tid. Forhandlingane om ny arbeidstidsavtale skal no avgjerast i hovudtariffoppgjøret mellom Unio og KS, eit oppgjør som no er sendt til mekling mellom partane.

ÅRSMØTET I Utdanningsforbundet i Meland uttrykte stor uro over KS si steile haldning i arbeidstidsforhandlingane. Før KS sin vilje, vil lærarane sitt skuleår bli forlenga med opptil 6 veker, til 45 veker i året. Elevane sitt skuleår blir ikkje forlenga, det blir framleis 38 veker og heller ikkje talet på arbeidstimar i læraren sitt årsverk. Det betyr at den tida som læraren skal arbeide medan elevane går på skulen, blir kraftig redusert. Dette vil gå ut over lærarens kontinuerlege for- og etterarbeid og oppfølging av elevane som må gå føre seg i dei 38 vekene elevane er på skulen. Dette er eit pedagogisk eksperiment frå KS si side som kan få store konsekvensar for eleven sitt utbytte av skulegangen.

I TILLEGG KREV KS fjerna alle reglar som i dag set grenser for kor mange timar i veka ein lærar skal undervise. Då ligg vegen klar for store innsparingar på skulebudsjetta, skulen kan klare seg med færre lærarar. Alle som kjenner den økonomiske situasjonen i kommune – Noreg veit at nauda kan tvinge kommunane til å bruke dette handlingsrommet, sjølv om dei ikkje har lyst til det.

Det viser seg at nesten ingen kommunar i Noreg har behandla KS sine forslag politisk. Det verkar som om KS får leve sitt eige liv, utan innblanding frå dei kommunane som organisasjonen skal tene. Korkje frå skuleleiarane (mesteparten er organisert i Utdanningsforbundet) eller frå politisk hald i kommunane, er det registrert noko sterkt ynskje om å gå den vegen som KS har staka ut.

DENNE SAKA HAR opprørt lærarar over heile landet, eg kan knapt huska at nokon sak har vekt så stort engasjement blant våre medlemmer nokon gong. Og lærarane er stort sett sinnlege folk. Det er å håpe at KS tar til fornuft for ein streik blir eit faktum i slutten av mai.

Du er på feil kurs, Listhaug!

Appell vardebrenning 14.mai 2014

Ved å brenna vardebål tek me i bruk ein over 1000 år gamal tradisjon som varslar om fare for landet.

Tilbodet frå Sylvi Listhaug i årets jordbruksforhandlingar kan berre karakteriserast som ein provokasjon. Ved å brenna denne varden ønskjer me å senda eit sterkt signal til det norske Stortinget om å bruka det handlingsrommet som finst og følgja opp dei vedtak dei har gjort om auka matproduksjonen og eit landbruk i heile landet.

FOR SAMSTUNDES SOM dette handlar om bonden si inntekt og grunnlag for å driva matproduksjon, så handlar det om matsikkerheit, matforsyning og sjølvberging i lys av klima- og miljø-utfordringane i framtida. Såleis er konsekvensane av den politikken som no får rå, katastrofal på sikt både for landet og for forbrukaren.

FN sin siste klimarapport konkluderer med at verdas matproduksjon kan bli redusert med 2 prosent kvart tiår framover. Samtidig auker folketallet i verda med 14 prosent i samme periode. Dette betyr kort og godt at mat vil verta mangelvare. Dette må alle styrande i verda ta på alvor. Med alle meiner eg også Erna & Co.

I NORGE HAR ME no den lågaste sjølforsyningsgraden

1970- talet, og importerer nærare 60 prosent av maten me et.

Året 2014 er FN sitt år for familiejordbruk. På den måten rettar FN merksemda mot familie- og småskalajordbruket, og den viktige rolla det spelar i arbeidet med å redusere svolt og fattigdom, sikre mattrygghet og sikra livsvilkåra på landsbygda. Småskalaproducentane lagar ca. 70 % av maten i verda, og det er dei, og ikkje industrilandbruket sine monokulturar som har størst avling pr dekar. 95 prosent av verdas gardar er under 50 mål, og 40 prosent av verdas arbeidarar er bønder.

Små- og middelsstore gardsbruk er framleis den økonomiske og sosiale ryggraden i europeisk landbruk. Gjennomsnittleg storleik på eit europeisk gardsbruk er 140 mål, men meir enn 69 prosent er under 50 mål, og berre 2,7 prosent er over 1000 mål.

FN SIN SPESIALREPORTAR for retten til mat Oliver de Shutter seier i eit intervju at internasjonalt vert ein stadig meir samstemde om at det industrialiserte landbruket har mott vegen – industrilandbruk med stort forbruk av plantevernmidlar, kunstgjødsel og kraftfor på importerte ressursar er ikkje bærekraftig for framtida! Høyrer du Sylvi Listhaug – du er på feil kurs!!

Sylvi Listhaug og FrP vil sleppa bonden fri. Berre me byggjer

endå større og spring endå litt fortare så ordnar alt seg.

HER ER EI LITA HISTORIE om realiteten i dette:

I året 2000 var det 12 mjølkebruk i ei bestemt bygd på Nordmøre. 13 år etter var det kun 3 igjen. Ein av dei som klarer seg fast har bygd seg nytt lausdriftsfjos som huser 60 mjølkekyr. For å få nok for til buskapen driv han jorda på heile 15 gardar fordelt på 50 jordstykke med ulik storleik og utforming. Bonden har ei gjødselsvogn som rommer 8 000 liter. Han ønskjer å utnytte husdyrgjødsla på den driftsmessige og miljømessige beste måten. Dette vil sei at han sprer gjødsla på all dyrkamark både om våren og etter den første slåtten. Kor langt må då denne bonden kjøre? Svaret er 4 200 kilometer. Fire hundre og tjuve mil. Kor langt er egentlig det? Som frå Molde til Marokko. Ei umogleg oppgåve for mange.

På eit mindre bruk (25 kyr), der all jorda er samla rett rundt garden og gjødselsvogna rommer 4 500 liter, blir den totale kjøreavstanden 100 kilometer. Differansen på 4 100 kilometer har ein pris. Berre spør bonden. Eller miljøet.

REGJERINGA VISER AT dei er i utakt med utviklinga i verda og eg trur også dei er i utakt med fleirtalet av det norske folk. Mange seier at me får dei politikarane me fortener. Men framtida – våre barnebarn og deira

barn igjen fortener andre politikarar som legg eit betre grunnlag for at dei skal kunna skaffa seg mat på bordet i framtida. Då må me ikkje byggja meir ned – det må byggjast opp- og det må vera mogeleg å produsera mat i heile landet! Det er eit stort paradoks at det må kamp til for å få levelege vilkår for å produsera mat i dette landet!

Landbruket treng bærekraftige endringar for å mota framtida.

Me ønskjer eit landbruk basert på norske gras, korn- og beiteressursar. Eit landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap! Då må det lønna seg for bonden å produsera mat!

SYLVI LISTHAUG – du er på feil kurs Lytt til fjellreglane: Vend i tide – det er inga skam å snu!

Og til det norske Stortinget: Det går ikkje å få meir ut av mindre. Matproduksjon er for viktig til at det skal endrast kvart fjerde år. Regjeringa er i mindretal. No gjeld det at alle gode krefter på Stortinget viser at dei meiner alvor med auka matproduksjon på norske ressursar i heile landet! Ta ansvaret – vis at de forstår alvoret og er verdige den tilliten de har fått frå det norske folk!

Det vil tena dei som kjem etter oss – og i desse 17,maittider – dette vil tena demokratiet!

Reidar Konglevoll leiar i Alversund og Seim bondelag.

Adolf Hovgaard Lokallagsleiar i Utdanningsforbundet i Meland